



DEN NORSKE KIRKE

Klepp kyrkjelege fellesråd

Dato:	30.08.2018
Arkivsak	18/00024
Dokumentnummer:	18/00024-001
Arkivkode:	112
Saksbehandler:	DS

Saksnr	Sak	Møtedato
008/18	Budsjett og handlingsplan 2019-2022	12.09.2018

Saksfremstilling

MÅL OG STRATEGI

Etter kirkelovens § 15 har kommunen økonomisk ansvar for kirkebudsjettet. Der heter:

Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:

- *Utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker*
- *Utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av kirkelig fellesråd*
- *Driftsutgifter for kirkelig fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjons- og kontorhold*
- *Utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæringen*
- *Utgifter til kontorhold for prester*

Fellesrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal også gi grunnlag for at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

I Klepp kommune sin økonomiplan for perioden 2017-2020 ligg det inne overføringar til Klepp kyrkjelege fellesråd som tabellen under viser:

DRIFT	2018	2019	2020	2021
Rammetilskot drift; fellesråd, gravplass og trussamfunn	11 948	12 002	11 956	11956
Fellesråd	8528	8721		
Gravplass	2070	2117		

Dette er tal som inkluderer tenesteytingsavtalen gravplassar og økonomitenester kommunen leverer til fellesrådet.

INVESTERING	2018	2019	2020	2021
Gravplass Orstad			1.000	1.000



DEN NORSKE KIRKE

Klepp kyrkjelege fellesråd

STATUS OG UTFORDRINGER

Klepp kyrkjelege fellesråd løner av kommunale midlar frå Klepp og Time 10 årsverk – fordelt på 21 personar.

Dei 4 sokna i kommunen, Klepp, Frøyland og Orstad, Orre og Bore og finansierer med innsamla midlar og trusopplæringsmidler i tillegg 7,4 årsverk – fordelt på 14 personar. 5 av desse har ei stilling der finansieringa av er delt mellom sokneråd og fellesråd. Staten finansierer 1 årsverk ved tilskot til kateket.

Totalt er det ca. 18,4 årsverk, fordelt på 30 tilsette.

Det er i tillegg 3 heile statlege prestestillingar (Klepp, Bore og Frøyland og Orstad) og ei halv (Orre) som vert løna av bispedømmet sitt budsjett. Presten på Klepp stasjon, som har ei 50 %-stilling der, er løna av innsamla midlar.

Arbeidet i sokna og kyrkjebygga

Det er fire sokn i Klepp og aktivitetane er aukane og mangfaldig. I tillegg til dei tilsette er det nesten 1000 frivillige som deltar i ulike deler av arbeidet. Det er årsaka til at fellesrådet framleis er svært oppteken av dagleg leiing av kyrkjelydane. Tilsette og frivillige er ein stor ressurs som me vil ivareta og nytta på best mogleg måte slik at kyrkja kan vera ein viktig bidragsytar i lokalsamfunnet.

Trusopplæring er eit viktig tiltak og satsingsområde i sokna. Alle mellom 0 og 18 år skal få tilbod om 315 timar trusopplæring framover.

Statistikken for 2017 viser at det er stor aktivitet i sokna i Klepp. Gjennom 2017 blei 185 barn døypt, 208 ungdommar blei konfirmert, 45 par blei via og det var 102 gravferder i ei av kyrkjene. Som kyrkje er me med i sorg og glede, og ønsker å være til stades i alle livsfasar.

Tala viser at det er god grunn for at dørtersklane blir slitte og at dørene treng å smørast. 35 000 menneske deltok på ein av dei 204 gudstenestene i kyrkjene våre. I tillegg har fleire tusen menneske vore innom kyrkjene på konserter og kulturarrangement, jevnlege ukentlege aktivitetar, samt vigslar og gravferder. Vi smører dørene med stor glede!

Frøyland og Orstad kyrkje er ei funksjonelt og godt bygg, det same har Orre kyrkja blitt nå når ein fekk ny kyrkjelydssal i 2016. Kyrkjebygga i Bore og Klepp er små, og dei fyller ikkje behovet for det soknearbeid som vert drive i dag. Dette gjeld ikkje berre ved gudstenester, men særleg for konfirmant- og ungdomsarbeid er det utfordringar. Ved gravferder er det ofte fullt. Det er videooverføring til kyrkjelydsalane, og det hjelper på, men er ikkje tilfredsstillande i lengda. Den nye trusopplæringsreforma set nye krav til lokalar og særleg i Klepp er det for lite plass til aktivitetar for born og unge.



DEN NORSKE KIRKE

Klepp kyrkjelege fellestråd

INVESTERING

Ny kyrkje Klepp

Allereie i sitt visitasforedrag i 1992 p apeikte biskop Bj rn Bue at kyrkja i Klepp var for lita. Biskopen oppfordra til   unders ke moglegheita for byggje p  kyrkja noko som ikkje var mogleg. Behovet for ny kyrkje blei tatt opp igjen i dei neste visitasane i 2004 og 2013.

Fellestr det kommenterte behovet for ny kyrkje i 1998 i sak 42/98 i kommentar til budsjett 1999: *«Tek vi eit perspektiv fram mot  r 2010 og med den folketilvekst som er stipulert er det aktuelt med ny kyrkje i Klepp. Skal kyrkja dekke dei forventningane som vert stilt og dei behova som ein alt i dag merkar, ser vi at ny kyrkje er ein realitet innan 2010.»*

I kyrkelova   21 heiter det: «ny kirke skal bygges n r en kirke er tilintetgjort eller p  grunn av vesentlige mangler er ubrukbar og ikke kan utbedres, n r den under vanlige gudstjenester ikke gir tilstrekkelig plass for de kirkes kende og ikke hensiktsmessig kan utvides, eller n r det dannes et nytt sokn der det fra f r ikke er kirke. Ny kirke skal i kirkerommet ha sitteplass til en tidel av Den norske kirkes medlemmer i soknet. Det kreves likevel minst 200 og ikke mer enn 500 sitteplasser.» Med over 8000 medlemmer i soknet er det klart at det er eit behov for ny kyrkje i Klepp. I dag opplever ein at folk snur i d ra ved gudstenester og meir enn full kyrkje ved gravferder. Dagens kyrkje har 260 sitteplassar.

Dei aukte ressursane i trusoppl ringsreforma har synleggjort at det er eit prek ert behov for nytt kyrkjebygg med eigna lokale til   drive lovp lagt trusoppl ring

Det har vore ein spanande prosess det siste  ret kor fellestr det har gjort vedtak p  at kyrkja skal liggja i sentrum som ein del av prosjektet Kommunehus/kyrkje. Fellestr det ser fram til det vidare arbeidet med   f  realisert draumen om ny kyrkje p  Klepp og ber kommunen halde oppe framdrifta med prosjektet. Det blir ikkje lagt inn tal i denne budsjett- og handlingsplanen, men fellestr det viser til tala satt i kommunen sin budsjett- og handlingsplan for heile prosjektet for b de kyrkje og kommunehus.

AV utstyr

Det er behov for vedlikehald og investering av lyd/bildeutstyr.  rsaka er at deler av utstyret ikkje verkar og skapar utfordringar med   gjennomf re kyrkjelege handlingar som bryllaup, gravferd og gudstenester. I dag m  ein ha prosjektor p  gudstenesta og lydanlegget m  fungera slik at ein enkel solist/gitarist kan delta i ei gravferd. I tillegg skapar ustabilitet problem for teleslyngeanlegg. Behovet er i Bore, Klepp og Fr yland og Orstad kyrkje. Orre har f tt oppgradert lydanlegget sitt i 2016/2017.

Gravplass Orstad

Fellestr det stadfesta i sak 12/16 vedtaket fr  2009 kor ein bad kommunen om   s rge for areal og utarbeide planar for gravplass ved Fr yland og Orstad kyrkja. N  er det 9  r sidan kyrkja blei vigsla og det har vekt fram eit behov om   f  eigen gravplass. Det er usikkert kva kostnadane vil vere og kva som er mogleg p  den tomte som er kjøpt til dette formålet. Fellestr det  nskjer setja ned eit utval som saman med kommunen sin administrasjonen utreiar moglegheitene for gravplass p  Orstad. Det er sett av 1 mill. i planmidlar til dette prosjektet i 2020 og 2021, men fellestr det ber om



DEN NORSKE KIRKE

Klepp kyrkjelege fellesråd

at det vert avsett midlar til dette allereie i 2019 for å koma vidare med arbeidet med å få utarbeid ein plan for gravplass på Orstad. Det er vanskeleg å talfeste investeringa, men fellesrådet ønsker at prosjektet blir igangsett etter at planarbeidet har starta.

Gravplass/Parkering Orre

Det er i enden av gravplassen som grensar mot parkeringsplassen fleire rekker med gamle grantre som skulle ha vore fjerna. Dei er høge og mange av trea er døde. Årsaka til at trea ikkje kan fjernast er at gravplassen då ikkje vil vera inngjerda.

Gravplassforskiingen § 7. Utrustning og adkomst:

Gravplassen skal være inngjerdet og ha lukkbare porter. Det areal som ligger innenfor gjerdet skal som hovedregel være opparbeidet. Gjerdet skal ha et verdig utseende og utgjøre et fysisk hinder.»

Det må settast opp steingard på heile denne sida på gravplasser der det i dag kun står fleire rekker med tre. Då kan ein samstundes få asfaltert det som i dag er planta med tre og ein stripe med gras.

Dette vil gje mange ekstra parkeringsplassar. Plass til parkering er eit problem ved fleire større gravferder. I dag vert det parkert mange bilar langs hovedvegen, noko som kan skapa trafikale utfordringar i området.

Fellessrådet har ca. kr. 100 000 igjen etter utvidinga med kyrkjelydssal på Orre då det vart gjort mykje dugnad på prosjektet. I tillegg kan noko gjerast på dugnad. Lokal utvikling har prosjektert at det då gjenstår kr 700 000 (inkludert ein post på uforutsatt på 20 %)

Gravplass/Parkering Bore

Det er som kjent vanskar med parkering i Bore kyrkje, særleg ved store gravferder. Det vert parkert på kreativt vis, både på andre sida av vegen, på naboeigedomar og på sykkel-gangsti. Det medfører naturleg nok visse vanskar med avviklinga av trafikken under slike arrangement, særleg med tanke på at dette er i ei sone med 70 km/t. Me registrerer trafikkfarlege situasjonar ved kryssing av fylkesvegen når folk går frå og til bilane.

Arealet som er innløyst på austsida av kyrkjetomta og samanslått med 46/16, er mellom anna tiltenkt utviding av parkeringsplassen. Ved å utvide med 60m i forlenging av eks. parkering vil ein nesten doble parkeringskapasiteten frå dagens 97 + (2HC) plasser til 169 +(9HC) plasser.

Arealet der vi kan utvide parkeringsplassen er uregulert, og må difor regulerast før vi kan opparbeide parkeringsplassen. Det er tatt med kostnad for å regulere arealet som i kommuneplanen er avsatt til framtidig grav- og urnelund. Lokal utvikling har lagt fram ei kalkyle for prosjektet på totalt kr.1 955 000 (inkludert ein post på uforutsatt på 15%).

Tiltak i prioritert rekkefølge:

INVESTERING KYRKJE	2019	2020	2021
AV utstyr	400		

INVESTERING GRAVPLASS			
Gravplass Orstad	200	1.000	1.000
Gravplass/Parkering Orre	700		
Gravplass/Parkering Bore	1 900		
SUM	2 800	1.000	1.000



DEN NORSKE KIRKE

Klepp kyrkjelege fellesråd

DRIFT

Dagleg leiing av kyrkjelydane

I kyrkjelova heiter det at «*Utgiftsdekningen også skal gi grunnlag for at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.*»

Stortinget understreka i si behandling av kyrkjelova, viktigheitene av sokneråda og deira rolle som strategiorgan for det kyrkjelege og kristelege liv i sokna i eit nært samarbeid med fellesrådet.

Stortinget la vekt på at personalressursar og økonomi skal brukast på ein slik måte at det oppmodar til frivillig innsats og medarbeidarskap i lokalkyrkje og lokalsamfunn.

Kyrkjelydane løner i dag sjølv om lag 5,5 årsverk gjennom innsamla midlar. Dei dekker alle utgifter knyta til disse stillingane som løn, pensjon, kurs, utstyr etc

I dag er det tilsett ein dagleg leiar i Frøyland og Orstad kyrkjelyd (FOK) i 100 % stilling.

Fellesrådet løner 45 % av ei stilling, medan resten vert dekkta av innsamla midlar. I Bore vart det i 2014 tilsett dagleg leiar i 40 % stilling og i 2017 i Klepp 50 % stilling finansiert med innsamla midlar i kyrkjelyden. Etter auka tilskot frå kommune i 2017 blei desse stillinga auka til 55 % og 65 % (i tillegg til at fellesrådet auka sin del av finansieringa til FOK med 15 %). Det arbeidet som vert utført ligg i stor grad inn under fellesrådets ansvar og er oppgåver som skal dekkjast av kommunale midlar. Det er derfor behov for ytterlegare auke i ramen for å kunna dekkja deler av denne stillinga. I kommunar som Sandnes, Sola, Stavanger, Strand, Hå, Time etc. er det nå ein dagleg leiar i kvar kyrkjelyd. Time fekk ekstra løyvingar til 1,5 stilling. Her i Klepp har me ikkje hatt dette til nå. Konsekvensane er at den daglege leiinga av kyrkjelyden vert utført av andre tilsette, frivillige og at mange oppgåver vert ikkje gjort.

Biskopen poengterte dette som eit hovudmoment i møte med kommunen under visitasen i 2013.

Han tok og fram viktigheitene av oppfølging og rekruttering av frivillige og viste til at stillingsressursar genererer større frivilligheit. Det er i dag nærmare 1000 registrerte frivillige knytta til arbeidet i kyrkjelydane.

Det er i dag mange krav til bl.a. HMS, arkivering etc. som det trengs ressursar for å fylgja opp.

Stillingsressurs som dagleg leiar i Frøyland Orstad finansiert av fellesrådet bør aukast frå 45 % til opp mot 80 %. Det er vidare behov for ei styrking av den daglege leiinga av dei andre kyrkjelydane: Klepp, Bore og Orre.

Fellesrådet ber derfor om ei ytterlegare auke i ramen til å totalt dekkja 1,5 stillingsstørrelse til dagleg leiing av kyrkjelydane. I tala er dei 700 000 kr. fellesrådet fekk i 2017 og 2018 inkludert. Tanken er då at fellesrådet i samarbeid med kyrkjelydane og kommunen i lag kan finansierer behovet for dagleg leiing i kyrkjelydane.

Nytt IT system og arkivsystem, GDPR

Økonomien til fellesrådet gjer at dei fleste midlane er bundne opp i løn og faste kostnader. Vi arbeider stadig med kostnadskontroll og gjennomgang av ulike avtalar, men ramma er så stram at ein ikkje tåler uforutsette utgifter og har lite handlingsrom. Vi har i dag måtta da ein del billege løysingar som bl.a på IKT og arkiv sida ikkje er gode nok, spesielt nå med GDPR.



DEN NORSKE KIRKE

Klepp kyrkjelege fellesråd

(I tillegg er det varsla eit kutt i rammetilskotet i 2018 slik som me fekk i 2017. Sjølv om det ikkje er store summar så er økonomien til fellesrådet slik at også dette merkast.)

Tiltak i prioritert rekkefølge:

DRIFT	2019	2020	2021	2022
Bytte av IT system inkl. arkiv	200			
Dagleg leiing kyrkjelydane	800	800	1000	1000
SUM	1000	800	1000	1000

Forslag til vedtak

1. Klepp kyrkjelege fellesråd ber klepp kommune om at følgande tilskot til investering blir lagt inn i økonomiplan for perioden 2019-2022 som tabellen under viser (prioritert rekkefølge):

INVESTERING KYRKJE	2019	2020	2021
AV utstyr	400		

INVESTERING GRAVPLASS			
Gravplass Orstad	200	1.000	1.000
Gravplass/Parkering Orre	700		
Gravplass/Parkering Bore	1 900		
SUM	3 200	1.000	1.000

2. Klepp kyrkjelege fellesråd ber Klepp kommune om at følgande tilskot til drift blir lagt inn i økonomiplan for perioden 2019-2022 som tabellen under viser (prioritert rekkefølge):

DRIFT	2019	2020	2021	2022
Bytte av IT system inkl. arkiv	200			
Dagleg leiing kyrkjelydane	800	800	1000	1000
SUM	1000	800	1000	1000

Vedtak

1. Klepp kyrkjelege fellesråd ber Klepp kommune om at følgande tilskot til investering blir lagt inn i økonomiplan for perioden 2019-2022 som tabellen under viser (prioritert rekkefølge):

INVESTERING KYRKJE	2019	2020	2021
AV utstyr	400		

INVESTERING GRAVPLASS			
------------------------------	--	--	--



DEN NORSKE KIRKE

Klepp kyrkjelege fellesråd

Gravplass Orstad	200	1.000	1.000
Gravplass/Parkering Orre	700		
Gravplass/Parkering Bore	1 900		
SUM	3 200	1.000	1.000

2. Klepp kyrkjelege fellesråd ber Klepp kommune om at følgande tilskot til drift blir lagt inn i økonomiplan for perioden 2019-2022 som tabellen under viser (prioritert rekkefølge):

DRIFT	2019	2020	2021	2022
Bytte av IT system inkl. arkiv	200			
Dagleg leiing kyrkjelydane	800	800	1000	1000
SUM	1000	800	1000	1000